

Vi takkar våre gode samarbeidspartnarar:



sparebanken
sogn og fjordane

SOGN OG FJORDANE

VAR DAR
for folkehelse

I samarbeid med:



SOGN OG
FJORDANE

Sogn og Fjordane
Fotballkrets

Kongleriket

Miniputt
turnering
2016



Barn hjelper barn




Kongleriket

Miniputt
turnering
2016



Ein miniputt kan gjere stor skilnad



Barn hjelper barn

I dag har vi ca 500 miniputtlag og ca 4000 miniputtar i Sogn og Fjordane som deltek på våre miniputtturneringar i vår- og haustsesongen. Dette er utruleg kjekke arrangement, kor fotballglede, venskap og gode opplevingar står i fokus.

NFF Sogn og Fjordane ønskjer at turneringane også skal vere ein arena for å formidle sunne verdiar og haldningsskapande tiltak for barna våre. Derfor har vi også valt å fylle miniputt-dagane med fokusområde som: Frukt og grønt, fair play og trafikktryggleik.

I 2011 la vi til eit nytt fokusområde i Kongleriket Miniputt, nemleg "Barn hjelper barn". Utgangspunktet var å vise våre små fotballspelarar at dei med små tiltak kan gjere ein skilnad for barn som ikkje har det så godt som dei sjølv. I tillegg var målet å skape forståing på tvers av kultur og landegrensar og få nye vener.

Prosjektet vårt har fått nasjonal og internasjonal merksemd, noko som vi er særst stolte av, på vegne av miniputtane og samarbeidspartnarane våre. Vi ønskjer også i 2016 å følgje fotballklubben vår i Hong Tien (Vietnam) i lag med Football for All in Vietnam (FFAV), NFF og Norsk Folkehjelp.


Fotballklubben vår i Hong Tien

Klubben i Hong Tien har 8 lag i alderen 6-11 år, der halvparten er jenter (!). Barna har etnisk minoritetsbakgrunn og kjem frå særst fattige familiar. Gjennomsnittleg inntekt ligg godt under 5 kroner per dag for vaksne. Medlemskontigenten i klubben er på ca. 60 øre per måned, men dei fleste har ikkje råd å betale. Gjennom skule og klubb får barna moglegheit å trene og spele fot-



ball 2-3 gonger per veke av skulerte instruktørar. I tillegg får dei livsviktig informasjon om minefare knytta til miner og veksploderte objekt. Under Vietnamkrigen hadde amerikanarne base her, og området er særst prega av dei intense kampene som fann stad. Store områder er framleis sterkt minelagt og det er farleg å bevege seg på områder som ikkje er rydda fri for miner. Klubben spelar også ein viktig rolle i å kombinere fotballaktivitet og samtidig gi barna opplæring i grunnleggjande sosiale ferdigheiter og informasjon om HIV/AIDS.

For å vere med i klubben må ungene møte på skulen. Dette har ført til at det nesten ikkje er «drop out», og dei fleste ungene fullfører grunnskulen.



Gjennom heile sesongen:

Vi utfordrar miniputtane med føresette å gjennomføre små tiltak til inntekt for klubben i Hong Tien. Her er det bare fantasien som set grenser. Det kan vere alt frå kakebaking, flaskeinnsamling, loddsal, tombola, osv. Det viktigaste er at miniputtane er med og bidreg, for dette er dei gode på!

Vi ønskjer ein kort rapport på aktivitetar de har gjennomført og kva som er samla inn av midlar. Hugs å sende BILETE frå tiltaka også! Alle innsamla midlar kan settast inn på kontonr 3705.19.42214, innan 15.11 og merkast med klubbnavn/lagsnavn.

Kongleriket Miniputtturneringane 28. august:

Denne dagen ønskjer vi at miniputtane har krut i støvlane og scorar mål så det sprutar! Vi har nemleg fått med oss gode samarbeidspartnarar som betalar ca. kr.1,- pr. scoring i samflege 8 turneringar denne dagen. Så her er det berre å "trække til"!

Dommar fører på antal mål på kampkort og leverer til sekretariatet etter kamp. Det vil kun teljast mål og resultat vil ikkje bli publisert!

Oppfølging av prosjektet:

NFF Sogn og Fjordane besøkte FFAV sitt prosjekt i Hue i april 2013 og fikk helse på barn i klubben vår i Hong Tien. FFAV gjer eit flott arbeid og har etablert 150 klubbar og gitt ca. 16 000 barn mellom 6-15 år moglegheit å spele fotball kor halvparten SKAL vere jenter. FFAV har ansvaret for å følgje opp klubbane og fordele midlar som kjem inn. Kvart år sender dei ut fleire nyheitsbrev frå klubbane og dei ulike prosjekta, som NFF Sogn og Fjordane vidareformidlar på eiga heimeside og i e-post/facebook til klubbane i fylket.

Kontaktperson for Barn hjelper barn i NFF Sogn og Fjordane:

hildegunn.hove@fotball.no, tlf: 57 62 87 00 / 90 19 16 09

Med vennleg helsing
NFF Sogn og Fjordane



Kontonummer for innsamla midlar:
3705.19.42214

